

Styremøte IT-forum S&Fj 17.02.10

Stad & tid: Videokonferanse 17.02.2010 10- 1130, Førde, Leikanger, Sogndal

Deltakarar:

Stig Starheim, Anne Karin Hamre, Ivar Petter Grøtte, Øyvind Heimset Larsen

Bjørn Sørensen, Yngve Hallen, Anne Margrete Alværn (mobil frå sak 2)

Forfall: Atle Hamar, Liv Bodil Baug, Geir Grime, Heather Broomfield,

Møteleiar: Stig Starheim

Referent: Øyvind Heimset Larsen

Sak 1. Møtereferat

Kommentar- Referatet vert sendt ut tidlegare i framtida.

Eit fyldig referat var kort gjennomgått.

Kommentar knytt til tidlegare møtesak : Google dokumentsamling er tilgjengeleg for styremedlemmane no. Ikkje alle har fått opprette profil og kopla seg på. Sekretariatet har sendt ut invitasjon til alle, men sender ut på nytt.

Referatet er godkjent

Sak 2. Oppdatering konferansen (vedlagd siste ref + budsjett)

Referat og status ved komitéleiar Sørensen, supplert av Grøtte.

- Det har vore to videomøter i programkomiteen. Siste referat gjennomgått
- Tema er "Kunnskap kryssar grenser". Tema, stad og tid alt på it-forum.no
- Ein kjem til å profilere miljø (nettskya) og det tekniske for å få it-folk attende. Microsoft med Sharepoint (deling av informasjon).
- Vekt på korte og fleire parallellsesjonar enn før. Meir pause med ein time i vandrehallen. Driftsgruppa har teke stort ansvar.
- Giske (eller statssekretæren Ingebrigtsen) vert satsa på. Erfaring frå energitemamøte er at reserven og er ein bra mann om Giske har forfall.
- "Open innovation"-tema der Broomfield jobbar med å få inn ein større kjendt person kanskje aktuelt via videostreaming
- Konferansier heile dagen er klar!: Linda Eide. Ho har sagt ja til Alværn, men måtte sjekke endeleg med dato for arbeidsgjevar.
- Budsjett lagt opp som i fjor.
- Arbeidsgruppa er etablert, men den manglar ein næringslivsrepresentant. Det er god dialog med Måløy-miljøet via NHO, men det har og vore kontakt med Florø (SMS-grunder Ask og Adam).
- Planen er å ha gjestestjernene og tittel på plass, og så sende ut. Vi er tidlegare ute enn nokon gong i høve til innhald og tidsplan.

Konferansediskusjon:

Dette er ein god start. Det er ein raud tråd i konferansen. Tilbakemeldingar frå fjordåret er tatt omsyn til. Det å få inn dei store namna inn er utfordringa no.

Samtidig viktig å få næringsliv med ved å vise fram grunderbedrifter som Ask og Adam -SMS-tenester i Mjømna. Nystarta bedrifter i Måløy og Yast aktuelle.

Budsjett: Kort gjennomgang med debatt

Kostnader på informasjonsarbeid hadde styret målsetting om å få ned ved å strukturere bedre. Det er ikkje eit poeng å gå med overskot, men dette må ikkje nyttast til slurv som justeringar fordi ein har komme for seint i gong. Nokre budsjettpostar må sjåast i samanheng (som behov for å skape ny aktivitet og nye satsingar).

Komiteen skal no ha fysisk møte i forkant av årsmøtet. Truleg i Førde den 9. Mars. Presentasjon vert lagt fram på årsmøtet den 10.mars.

Sak 3. Oppdatering studietur San Francisco (vedlagd deltakarliste pr i dag)

Grøtte informerte.

- Det er planlagt bedriftsbesøk og omvisning også i Las Vegas-Lotteridrift. Programmet i San Fransisco er på plass med gode relevante besøk som gir kompetanse for både "Kunnskap kryssar grenser", grønt it/Cloud computing, samt "Open innovation" universitetsmiljø.
- Pris: Broomfield har sendt billetteksempel og nødvendig passinformasjon. Dette vert formidla. Innovasjon Norge krev 10 000 per deltakar. Hotell og reise i tillegg. Brutto Ca kr 25 000 estimert kostnad.
- 15 påmeldte no. Vi bør bli 20 fordi dette er føresett av IN. Fleire enn på utsendt liste har vist interesse: Td Måløy-miljøet, og ein frå Nordfjord. Firda lurte og på deltaking og kva det vil koste.
- Andre initiativ: Det er ein annan teknisk tur som går til USA før sommaren. Dette er ikkje mogeleg å koordinere. DIFI er heller ikkje med. Dei skal på statens dataforum til Boston omtrent samtidig.

Ny versjon av programmet, med flybillettdøme og meir informasjon vil vise totale kostnader. Diskusjon om subsidiering på budsjett del.

Sak 4. Møtet med Samferdsledepartementet og Kommunal og regionaldept

Oppsummering: Eit godt møte med godt, tung deltaking av politisk leiding (statssekretærar) og telekommansvarlege i Samferdsledept og KRD den 16.feb. (Om enn ikkje ministrane).

Vi har treft godt i høve til ny rapport frå Post og teletilsynet med tilråding om nye satsingar på breiband. Sjå siste side i utsendt presentasjon.

- Vi er dårlegaste fylket i fiber og høgkapasitet over 20 Mbit.
- Tilrådinga er meir stimuleringsprogram- Høykom-fiber. EØS opnar for å stoppe unødig ressursbruk på infrastrukturutbygging. Td. Modell Luster og Sveits der ein leverandør byggjer ut med støtte mot å opne for andre.
- Men vi er i inngrep i vidare arbeid om område der det ikkje fungerer marknadsmessig. Opnar for nye forsøk i fylket for marknadsstimulering. Viktig for rekruttering og kunnskapsarbeidsplassar.

Medieomtale: Bra Firdaoppslag i forkant. Alværn lagar pressemelding om møte med PT og retninga vidare. Firda er på både Jenny og Atle. Truleg ny sak.

Vi er i posisjon. Dette er ei kjernesak som viser at fylket står samla gjennom IT-forum. Det viser at nettverket har ein misjon. No er det viktig å be om møte med PT om pilot. Vi ønskjer å rette oss direkte inn mot det dei tilrår og vil prøve det ut i fylket. Sak på årsmøtet. BBF og styret ved Atle følg opp.

5. Framlegg til agenda for årsmøtet

Utkast var gjennomgått. Styret vedtok endeleg dato, tid og stad
Møterom på Lotteritilsynet onsdag 10.mars (sikrar kontroll på teknologien).
Møterommet tek 30 stk og det er nok.

Innhald:

Del 1 Kunnskap kryssar grenser. Presentasjon av ny bedrift og gruvesatsingar/
Næringsdrivne satsingar med kopling mot prosjektet og konferansen.
Del 2 Oppdatering av grupper og strategiar.

Agenda vert justert: Breiband må inn som eiga sak og det må setjast av tid.

Val:

- Valkomiteen er Svein Ølnes og Liv Bodil Baug.
- Liv Bodil Baug, Yngve Hallen og Atle Hamar er på val. Stig Starheim signaliserer at han går ut av styret. Yngve vurderer og dette.
- Ny diskusjon: Bør det veljast vara? Nestleiar i styret? Kor mange skal vere i styret?

Styret gir sitt innspel til årsmøtet og valkomiteen er at det skal vere ein nestleiar som styret sjølv vel etter årsmøtet. Det er og ønskje om vararepresentant(ar). Styret påpeiker at det må vere ein balanse nord og sør i fylket, samt offentleg og privat.

Strategi: *Strategidokumentet må ein runde i styret på e-post før årsmøtet. Sekretariatet følg opp.*

Førebels budsjett: Avhengig av rekneskap og revisjon. Hovudpostane er klare. På inntektssida: Søknad er sendt til Fylkeskommunen. Overskot frå konferanse til diskusjon. Avtale med Telenor gir prosent(ar)-statussjekk av Sørensen. Representantskapen har 17 medlemmar. Eit medlem går no ut (DIFI)med grunngeving habilitet. Nye inn? Måløy Vekst bør inn. Skatteopplysninga og Distriktssenteret vert og følgd opp.

Prinsippdiskusjon: *Kan ein vere medlem av undergrupper om ikkje organisasjonen er hovudmedlem? Det er uavklara og bør takast opp i årsmøtet*

Prisjustering av kontingenten ikkje gjort sidan 1995. Styret anbefalar auke til 15 tusen og diskusjon om differensiering på storleik.
Merknad og innspel til årsmøtediskusjon om budsjett.

Utgiftssida: To postar ikkje nytta i 2009: studietur og nye aktivitetar gir eit overskot som går inn i balansen. Nokre justeringar må enno gjerast i konferanserekneskap. Konferanseoverskotet vart 150'.

Studietursubsidie:

Tradisjonen har i kroner vore om lag 5 tusen med ein person per organisasjon. Mogeleg å heve sum eller gå breiare ut.
Styret vedtek å gå breiare ut for å støtte småbedriftene som ønskjer å delta. 5000 til ein person per organisasjon.

Styret vedtok å sette konferansebudsjett til null.

Styret vedtok å sette opp summen til stimulering av ny aktivitet sidan ein no veit at vi har ei stor satsing som kjem.